


HENRIK IBSEN

PEER GYNT

STUDIEMATERIELL



DET
NORSKE
TEATRET

INNLEIING

VÆR DEG SJØLV - NOK!



Podcast: I samarbeid med NRK har vi fått laga ein podcast av Ninja Benneche. Denne er fin å høre på før de kjem på framsyninga. Sjå også serien *Sannheten om Peer Gynt* som ligg i nettspelaren til NRK.



Peer Gynt er ein av dei mest fascinerande karakterane i teaterhistoria. Han lyg og er sjølvsentert, han er storkar og briska seg. Han sviktar dei som bryr seg, han skapar seg om, utfaldar seg, blir rik. Han møter alle slags folk og skapningar og lever eit vilt og engasjert liv. Ferda gjennom livet gir mange oppturar, og enda fleire nedturar. Til slutt må han stå til rette for det livet han har levd. Kven var han eigentleg?

I denne framsyninga møter vi ein Peer som ser tilbake på det livet han har levd. Publikum blir drege med i ein minnestraum frå dei mørkaste krokar i fortida. Ei lang rad ulike minne dukkar opp. Det er som om Peer blar fram og tilbake i sitt eige fotoalbum, der eit heilt liv blir bretta ut og framkalla. Fram stig historier, møte og erkjenningar. Toler livet hans møtet med Knappestøyparen?

I dette studiemateriellet får du ein inngang til framsyninga, tematiske artiklar og utdrag frå manus. I tillegg er det oppgåver for faga norsk, samfunnsfag og KRLE for ungdomsskole og vidaregåande skole.

Vi håper studiemateriellet kan inspirere undervisninga og gjere teaterbesøket meir givande.

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås
formidling- og pedagogisk ansvarleg
- Det Norske Teatret

**DET
NORSKE
TEATRET**

GALLERI

MEDVERKANDE I FRAMSYNINGA



TORALV
MAURSTAD
Den gamle
Peer Gynt



SVEIN
TINDBERG
Knappe-
støyparen



INGRID
JØRGENSEN
DRAGLAND
Mor Åse



SARA
KHORAMI
Solveig



JAN
GRØNLI
Peer Gynt



GEIR
KVARME
Peer Gynt



PAUL-OTTAR
HAGA
Peer Gynt



PÅL CHRISTIAN
EGGEN
Peer Gynt



KARL-VIDAR
LENDE
Peer Gynt



NIKLAS
GUNDERSEN
Peer Gynt



JONAS F.
URSTAD
Peer Gynt



JUDY NYAMBURA
KARANJA
Dovregubben



ANETTE AMELIA
HOFF LARSEN
Den grønkledde



UNN VIBEKE
HOL
Kari, Presten



RAGNAR
DYRESEN
Trumpeterstråle



PAUL ÅGE
JOHANNESSEN
Master Cotton

KUNSTNARLEG LAG

Omsetjing: Jon Fosse

Regissør: Erik Ulfbsy

Scenograf: Arne Nøst

Kostymedesignar: Ingrid Nylander

Lysdesignar: Torkel Skjærven

Videodesignar: Reidar Richardsen

Kinetisk lyddesign: Amund Ulvestad

Koreograf: Belinda Braza

Komponist: Mitja Vrhovnik Smrekar

Dramaturg: Carl Morten Amundsen

Statistar, Vesle Peer: Ailo Johannes Winther og Bobo Solan Hedin

BAKGRUNN



PEER GYNT - VED VEGS ENDE?

Trass i at Erik Ulfssby no set opp Peer Gynt for femte gong, har han berre så vidt starta utforskinga av denne rike teksten.

- Ibsen har laga eit bygg med ufatteleg mange inngangar og dører. Eg meiner det er hans viktigaste og beste verk, seier teatersjefen som i haust har regien på endå ein versjon av Peer Gynt.

I 2014 tok Ulfssby over Peer Gynt ved Gålåvatnet. Gjennom tre somrar hadde han høve til å leike fram kjernen i den lystdrivne og samansette antihelten. I vår fekk det kroatiske publikummet møte ein moderne og poetisk versjon da Ulfssby gjesta nasjonalteateret i Zagreb. Det er ei vidareføring av denne versjon som no er klar for Hovudscenen med premiere 9. september.

- På Gålå speler naturen ei heilt avgjerande rolle, framsyninga blir jo òg kalla Peer Gynt ved Gålåvatnet og etter kvart let vi Peer bokstaveleg talt både stå og gå på vatnet. Det å spele stykket medan naturen går frå lys til mørker, slik også teksten gjer, framhevar jo denne nærlieken til naturen og historias myteomspunne utgangspunkt. På ein innandørs scene har ein på ein heilt annan måte større fridom til å flytte seg i historia. Men det var jo i løpet av desse tre omgangane på Gålå at eg verkeleg tok til å konsentrere meg om den siste delen av stykket.

TEKST
Ola E. Bø
FOTO
Eirik Malmo

- Og korleis kjem dette til uttrykk i den oppsetjinga vi får sjå på Det Norske

Teatret no i haust?

- Det er Peer sitt møte med Knappestøyparen, der han blir tvinga til å tenkje gjennom livet sitt og kven han eigentleg er og har vore, som styrer oppsetjinga. Det er jo heilt ufatteleg at 5. akta nærast var oversett heilt til Hans Jacob Nilsen i 1948 kom med si radikale nylesing av stykket. Eg synest den akta er heilt unik når det gjeld innsikt i og skildring av menneskesinnet, og den rammer altså inn heile denne framsyningen. Det er ein poetisk brutalitet i å møte livets slutt, og eg tenkte ei stund å bruke «ved vegs ende» som undertittel. Både livet og Ibsens geniale tekst er jo ei reise frå ung galskap og fram til større livserkjennung. Det er noko nå delaust ved dialogen mellom Peer og Knappestøyparen. Peer spør fortvila; «Men den som no aldri å vite fekk/kva Meister har meint med han?» og Knappestøyparen svarer; «Det skal han ane!». Denne replikkvekslinga er altså utgangspunktet for å strukturere oppsetjinga rundt den gamle Peers oppgjer med seg sjølv, seier Ulfby.

Heilt konkret blir dei ulike delane av Peer Gynt kasta opp i lufta og landar innanfor samtalen med Knappestøyparen, som minne eller som gamle fotografi som blir framkalla. Det er fullt mogleg å sjå heile stykket som ei reise i fantasien der episk tid og utvikling er oppheva, og i staden kjem som små glimtvise tilbakeblikk. Og i forlenginga av denne ideen kjem Toralv Maurstad inn. Han spelar ikkje berre ein gammal mann ved vegs ende i live. Han er som skodespelar også ein imponerande berar av heile den norske Peer Gynt-tradisjonen.

- Toralv såg den mykje omtalte oppsetjinga til Hans Jacob Nilsen fleire gonger, visstnok utan å bli særleg imponert! Han har sjølvsagt klare meiningar om karakteren han skal spele, og det gjer arbeidet ekstra interessant, seier Ulfby om hovudrolleinnehavaren. - Han fortalte nyleg at han første gong var med i Peer Gynt på Nationaltheatret i 1933, 7 år gammal, i rolla som Vesle-fanden, trollungen. Så vidt eg veit spelte han sin første Peer i 1955 med faren Alfred Maurstad som instruktør, og har jo sidan spelt han i ulike fasar av livet. At det no kjem enno eit kapittel er heilt i Peers ånd. «Eg vil enno ein gong opp å sjå sola renne!», seier Peer.

- Så det å sjå stykket gjennom auga til den gamle Peer, betyr ikkje nødvendigvis at vi får presentert stykket bak-fram?

- Nei, ikkje bak fram. I samtalen med Knappestøyparen skyt vi inn minne og hendingar som blir utløyst av denne dialogen, og dei kjem uordna, slik minner gjerne gjer. Framkallinga blir òg visuelt understreka av projeksjonar, både på skodespelarane og på sceneelementa.

- Dermed blir det kanskje fleire òg som kjem til å spele Peer Gynt her?

- Ja, det blir vel sju Peerar alt i alt, det har noko både med alder og situasjonar å gjere, men òg at Peer representerer noko i oss alle.

- Men den gamle er der heile tida?

- Ja, saman med Knappestøyparen.

- No skal vi ikkje røpe for mykje, men er det t.d. noko i scenografien til Arne Nøst som kan gi oss ein peikepinn på kva slags oppsetjing dette er?

- Ein kan vel seie at vi er i eit slags symbolsk landskap. Peer og Knappestøyparen



møtest ved ei elv og ei bru ein må over. Dette er jo velkjende mytiske bilete.

- Ja, ein kan vel tenkje både på Gjallarbrua og elva Styx?

- Og Knappestøyparen kan for så vidt gjerne vere ferjemannen, eller ein hjelpar eller ein medpassasjer. Det er i det heile tatt nok av referansar i stykket som peikar mot at slutten er ei reise inn i dødsriket, og det er ikkje uvanleg å hevde at Peer døyr i slutten av 4. akt når han utroper seg sjølv til sjølvets keisar. Eit menneske som berre ser seg sjølv er jo på ein måte død.

Denne produksjonen er ein del av eit samarbeidsprosjekt i eit nettverk av offentleg støtta teater i Europa, ETC (European Theatre Convention). Det Norske Teatret er eitt medlemsteater av rundt 40 frå 22 ulike land. Gjennom denne organisasjonen starta eit samarbeid med Nasjonalteatret i Zagreb. Eit kroatisk kunstnarleg lag sette opp ein klassikar her i Oslo, Den siste Kongsfesten av Miroslav Krleza og Ulfsby tok med seg eit norsk kunstnarleg lag for å setje opp Peer Gynt der med kroatiske skodespelarar.

- Det var vel neppe det same suget etter Peer Gynt i den kroatiske hovudstaden som det er her?

- No er det det! (he, he) Vel, dei fleste skodespelarane hadde jobba med scenar frå stykket på teaterskulen, men eg trur ikkje ein hadde spelt Peer Gynt ved Kroatiyas leiande teater på meir enn 40 år. Det er meir vanleg å velje stykke som Hedda Gabler og Et dukkehjem. Noko av grunnen til ein viss skepsis

trur eg bestemt har vore mangelen på ei skikkeleg omsetjing. Det fanst ei prosaomsetjing, men da ein ung, lovande poet omsette knappestøyparscenen etter Ibsens vers vers, blei det stor begeistring i ensemblet.


No har den norske ambassaden i Zagreb vore med på å støtte ei fullstendig nyomsetjing og publisering av stykket slik at teksten òg ligg føre for eit lesande publikum. Oppsetjinga fekk ei overveldande mottaking både hos publikum og kritikarar og kjem etter kvart på gjesting til Det Norske Teatret.

Dette europeiske prosjektet har hatt utprøving av ny teknologi som ramme, og alle dei 9 samarbeidspartane har møtt fleire gonger for å utvikle ideane sine. Det Norske Teatret fekk etter kvart kontakt med eit miljø ved NTNU i Trondheim. Lyddesignaren Amund Ulvestad, som bur i Berlin og underviser i Trondheim, har utvikla sensorar som skodespelarane kan bere på seg og som dei styrer sjølv. Dette skaper mykje meir presise lydeffektar og illusjonar enn om ein styrer lydkjelda utanfrå.

Jon Fosses omsetjing, som han gjorde til Robert Wilsons oppsetjing i 2005, har han pussa litt på og gjort klar til utgjeving på Samlaget i samband med premieren.

- Å få arbeide med to meistrar – Ibsen og Fosse – er ei eventyrleg gåve. Vi er heldige som har to slike storleikar i norsk teater, avsluttar Erik Ulfsby.

ARTIKKEL



JAKTA PÅ PEER

*Peer Gynt er aldri den same. Spesielt
ikkje etter 2. mars 1948.*

Peer Gynt er ikkje berre ein karakter og eit teaterstykke, det er også ein teatertradisjon. Det er mellom dei mest spelte teaterstykka i verda. Det er sett opp om lag 10 000 gonger sidan urpremieren i 1876. Dei ulike framsyningane har påverka kvarandre, det har oppstått tolkingstradisjonar og historiske måtar å forstå scener og figurar. Og det har sjølv sagt oppstått brot med desse. Ein av dei viktigaste nytolkingane nokon sinne skjedde faktisk på Det Norske Teatret, då Peer Gynt i 1948 blei sett opp her for første gong i det teatersjef Hans Jacob Nilsen lanserte som ein avromantisert versjon.


Då Det Norske Teatret blei etablert i 1913 fekk det ikkje lov av Ibsens arvingar å omsetje dramatikken hans til nynorsk. Dermed kunne ikkje teateret spele han, mens Nationaltheatret spelte fleire Ibsen-framsyningar kvart år. Men i 1948 klarte dåverande teatersjef Hans Jacob Nilsen å overtale barnebarnet Tancred Ibsen om at også Det Norske Teatret måtte få prøve seg. Nilsen meinte den norske Peer Gynt-tradisjonen var ei forfalsking, tradisjonen hadde gjort det til eit nasjonalromantisk underhaldande kassastykke; no lova han Tancred Ibsen å lage ei framsyning som endeleg

TEKST

Alfred Fidjestøl, Det Norske Teatrets historie-skriver

FOTO

Sturlason/ Lesley Leslie-Spinks



Bilde over: Hans Jacob Nilsen som unge Peer, middelaldrande Peer og gamle Peer.

skulle vere slik Henrik Ibsen hadde tenkt. Om han berre fekk lov. «Tenk for en interesse det ville vekke overalt,» lokka Nilsen, «dersom 'Peer Gynt' kunne bli ført frem slik at Ibsens mening kom frem, og ikke som det nå gjøres i en delvis forvrengt og forvridd skikkelse.» Tancred Ibsen ga sitt ja, så lenge teatersjef Hans Jacob Nilsen både instruerte og spelte hovudrolla sjølv.

Hans Jacob Nilsen hadde sjølv bidratt til det han no oppfatta som ein forfalska versjon av Peer Gynt. Nilsen hadde vore i Sverige som flyktning den siste delen av verdskriga, og hadde mellom anna spelt Peer Gynt med eit omreisande turnéteater. Så lenge Noreg var i krig, hadde det vore vanskeleg å late Peer Gynt bli anna enn tradisjonell nasjonalromantikk, innsåg Nilsen: «Det blir sikkert en udmerket Norgesreklame, med Griegs musikk, norske drakter og landskaper o.s.v. Ironien går jo selv et norsk publikum forbi,» skreiv Nilsen til venen Nordahl Grieg den gongen. Men då krigen var over og Det Norske Teatret i 1948 hadde fått retten til å spele stykket, var tida mogen for å setje opp ein versjon der ironien skulle svi i auga.

Det Norske Teatret hadde etter krigen flytta frå Bondeungdomslagets Teatersal i Bøndernes Hus til det nyrestaurerte teaterlokalet i Stortingsgata. Her var det dreiescene og tekniske fasilitetar som gjorde det mogleg å få inn att viktige parti som nesten alltid blei droppa i tradisjonelle framsyningar, som prestens tale og guten som skjer av seg fingeren. Samvitsrøystene i siste akt, som normalt drukna i Griegs musikk, kunne endeleg kome til sin rett. «Jeg ser på en fornyelse av Peer Gynt som en av de viktigste oppgaver i norsk teater,» lova Nilsen på førehand.

Lyrikaren og omsetjaren Henrik Rytter tok på seg å gjendikte teksten til nynorsk. Å omsetje Ibsen i hans eige heimland var kontroversielt og skulle skape sterke reaksjonar. Som om ikkje dette var nok, fekk Hans Jacob Nilsen Harald Sæverud til å komponere ny og meir passande musikk til stykket. «Aldri har noen musikk passet dårligere til et skuespills karakter enn Griegs musikk til 'Peer Gynt'. Det er den rene yndighet til skjul for den rene ynkligheit,» meinte Nilsen og lova ei framsyning som skulle få Grieg til å snu seg i grava og Ibsen omsider til å ligge riktig.

Første akt skulle spelast utan opphold til og med Åses død, med dreiescene som dreiar etter som «Peer vildrar rundt i draum og ørske», planla Nilsen. Seterjentene skulle ikkje vere «operasongarinner, men berre ville og manngalne jenter», Dovregubben og trolla skulle ikkje vere «julebukkar, men karikaturar av norske bønder», og Aases død skulle spelast like brutalt og usentimentalt som Ibsens tekst legg opp til og Griegs musikk alltid har spolert. Då Peer skjøner at mora skal døy, set han seg – etter Ibsens scenemerknader – «med ryggen til mora og lyg seg sjølv burt», skriv Nilsen i regiplanen, mens Griegs musikk «så vedunderleg mjuk og vakker – vrid heile scenen rundt, så at ho ikkje kan spelast annarleis enn slik ein no gjer det». På same måten kolliderer «Solveigs sang» – frå Griegs hender eit konsertnummer for ei kraftig sopranrøyst – med den sceniske framføringa av ei 60-70 år gamal kone som tenkjer tilbake på sin ungdoms kjæraste. I

Afrika-scenane skulle heller ikkje Anitra vere så ung og vakker som Griegs musikk gjer henne. I pakt med Ibsens merknader skulle ho vere ei «skitten neger- eller beduinjarjente - med hengjebørst og ditto rumpe - stygg og avskremmeleg». Med desse regigrepa, den nye musikken og den nye omsetjinga skulle folk «gå heim som frå andre Ibsen-stykke, og kjenne seg personleg anklaga», lova Nilsen.

Nilsen engasjerte seg i alle delar av teaterproduksjonen, han teikna jamvel skissene som kostyma skulle lagast etter. Saman med lysmeister Alf Moxness konstruerte han eit apparat som projiserte dekorasjonen frå måla glasplater på rundhorisonten frå kvar side av scenen. I trekvert år hadde Moxness arbeidd med apparatet. Problemet var å få dei to projeksjonane til å gli saumlaust saman. Eit teknologisk gjennombrot fekk Moxness klokka 02.00 om natta heime hos seg sjølv; han spratt opp av senga og projiserte ut av vindauge og bort på veggen over gata. Og desse tekniske grepa var heilt avgjerande for den ideologiske vendinga Nilsen ville få fram. Gjennom denne teknikken var mange og raske sceneskift mogleg, og dette blei hovudgrunnen til at ein no kunne ta med mykje meir av teksten enn i dei tradisjonelle versjonane, der dekorasjonen blei bytt ut manuelt i lange pausar med mellomaktsmusikk.

Ironisk nok hadde Nationaltheatret sett stykket på speleplanen like før Det Norske Teatrets premiere. Nationaltheatrets store primadonna Johanne Dybwad fekk markere sine 60 år ved teateret ved å spele Mor Aase i ein nasjonalromantisk treaktsversjon av Peer Gynt.

Det Norske Teatret var først uroleg for repertoarkollisjonen, men innsåg snart at det berre var ein fordel. No kunne folk ved sjølvsyn samanlikne dei to regikonsepta, gårsdagens og framtidas, spelte side om side i Studenterlunden med få vekers mellomrom.

Den 2. mars 1948 var det endelig premiere på framsyninga til Det Norske Teatret. Aviser fra heile Skandinavia var komne for å melde stykket. «Forestillingen er ikke til at komme uden om,» skreiv Alv G. Schelderup i Berlingske Aftenavis: «Den har Betydning for al Fremtid.»



Og slik har det faktisk gått. Framsyninga er blitt ein referanse for seinare Peer Gynt- oppsetjingar. Då Det Norske Teatrets seinare teatersjef Tormod Skagestad skulle opne jubileumssesongen i samband med teaterets 50 årsjubileum i 1962/63-sesongen, valde han nettopp å iscenesetje Peer Gynt i dialog med den framsyninga Nilsen hadde laga 15 år tidlegare. I Hans Jacob Nilsens ånd skreiv han ein forklarande programartikkel der han gjorde greie for regivala. Peer Gynt var det stykket i norsk teaterhistorie som mest tydeleg

hadde ein tradisjon, forklarte Skagestad, ein tradisjon folk var medvitne om og som ein kvar ny instruktør måtte relatere si framsyning til. I den romantiske tradisjonen var Peer ein kreativ helt, i Nilsens versjon ein kynisk antihelt, i Skagestad s versjon verken helt eller skurk, men rein inkonsekvens, han realiserer ikkje seg sjølv, slik han lenge helst vil tru; han oppløyser tvert imot sin personlegdom gjennom ustanskelege kompromiss». Skagestad vende blikket mot Peers indre, han skrelte laukken, som Axel Kielland seinare skulle uttrykke det, og retta fokus mot dei psykologiske og i siste instans teologiske dimensjonane i stykket: «Peer Gynt er ikkje noko nasjonalromantisk verk, like lite som det er eit antiromantisk realistisk verk, – det er eit mysteriespel om mennesket sitt kår på jorda,» meinte Skagestad. Skagestad oppfatta alle dei siste scenane etter prestens tale som ei utlegging av Peers tankar, det er «hans eigne konkretiserte tankar og syner».



Og då Det Norske Teatret i 2005 saman med Den Nationale Scene skulle markere 100-årsjubileet for unionsoppløysinga ved å få verdas leiande teaterregissør Robert Wilson til Noreg for å lage ei framsyning, var det igjen Peer Gynt som skulle setjast opp. Wilson arbeidde mykje mindre ideologisk og tekstnært enn Nilsen og Skagestad. Utgangspunktet for prøvearbeidet var rommet. Og lyset. Wilson var i opposisjon til det tekstbaserte teateret, i framsyningane hans skulle alle elementa, lys, lyd, rørsle, rom og tekst, sidestillast. Like eins ønskte han at skodespelarane ikkje skulle tenkje i prøveperioden, men gjere det han sa. «Don't ask, do it!» formante han stadig skodespelarane under prøvane. «Maken til forestilling har jeg ikke opplevd før på et norsk teater,» fastslo ein av norsk teaters mest røynde teatergjengarar, IdaLou Larsen, etter premieren. Og framsyninga blei invitert til gjestespel over heile verda. Det kom invitasjonar frå Europa, Amerika, Australia og Asia. Det var praktisk umogleg å takke ja til dei fleste, berre éin av invitasjonane ville dei nødig takke nei til. Invitasjonen frå Brooklyn Academy i New York – BAM – verdas fremste gjestescene. I april 2006 drog dei to teatera saman til New York, og nesten 60 år etter Hans Jacob Nilsen lukkast med å få løyve til å spele Peer Gynt på nynorsk, blei det same stykket spelt på nynorsk i New York.

Når Erik Ulfssby no har regi på denne versjonen av Peer Gynt, er han altså den tredje teatersjefen ved Det Norske Teatret som sjølv vel å iscenesetje dette stykket, medviten om korleis forgjengjarane har løyst det. Og når Toralv Maurstad, som sjølv ber ein heil Peer Gynt-tradisjon på skuldrane sine, for første gongen skal spele dette stykket på Det Norske Teatret, teateret der begge foreldra hans arbeidde, vil sjølvsagt også alle dei tidlegare versjonane han har gjort av denne rolla klinge med. Toralv Maurstads Peer, som i denne versjonen ser tilbake på sitt liv, ser samstundes tilbake på stykkets framsyningstradisjon. Slik er det alltid med Peer Gynt. Samstundes blir det kvar gong skapt noko heilt nytt. Endå ein gong vil Peer forandre seg. Jakta held fram.

LÆREPLAN

NIVÅ: ungdomsskole

Kompetanse mål i norsk munnleg og skrifteleg kommunikasjon, og språk, litteratur og kultur.

Etter 10. trinn er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- lese og analysere eit breitt utval av tekstar i ulike sjangrar og medium på nynorsk og bokmål og formidle moglege tolkingar
- kjenne att verkemidla humor, ironi, kontrastar og samanlikningar, symbol og språklege bilete og bruke nokre av dei i eigne tekstar
- skrive kreative, informative, reflekterande og argumenterande tekstar på hovudmål og sidemål med grunngjevne synspunkt og tilpassa føremålet, mottakaren og mediet

NIVÅ: VGS

På vidaregåande skole i det studieførebuande utdanningsprogrammet er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- gjere greie for argumentasjonen i tekstane til andre, og skrive eigne argumenterande tekstar på hovudmål og sidemål (VG1)
- skrive kreative tekstar på hovudmål og sidemål og bruke språklege verkemiddel i dei (VG1)
- lese og analysere tekstar på nynorsk og bokmål i ulike sjangrar, og ta stilling til spørsmål tekstane tek opp, og verdiar dei representerer (VG2)
- skrive kreative, informative og argumenterande tekstar, utgreingar, litterære tolkingar, drøftingar og andre resonnerande tekstar på hovudmål og sidemål (VG2)
- skrive kreative, informative og resonnerende tekstar, litterære tolkingar og retoriske analysar på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglege tekstar (VG3)
- analysere, tolke og samanlikne eit utval av sentrale norske og nokre internasjonale tekstar frå ulike litterære tradisjonar frå romantikken til i dag, og setje dei inn i ein kulturhistorisk samanheng (VG3)

NIVÅ: ungdomsskole

LÆREPLAN I KRISTENDOM, RELIGION, LIVSSYN OG ETIKK (KRLE)

Kompetanse mål i kristendom, religion, livssyn og etikk.

Etter 10. trinn er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- reflektere over filosofiske tema knytt til identitet og livstolking, natur og kultur, liv og død, rett og gale
- drøfte etiske spørsmål knytt til menneskeverd og menneskerettigheter, likeverd og likestilling, mellom anna ved å ta utgangspunkt i kjende førebilde

NIVÅ: VGS

LÆREPLAN I RELIGION OG ETIKK - FELLESFAG I STUDIEFORBEREDENDENDE UTDANNINGSPROGRAM

Kompetanse mål i filosofi, etikk og livssynshumanisme

Etter VG 3 er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- føre dialog med andre om aktuelle etiske spørsmål

OPPGÅVER

Her kjem nokre oppgåver de kan jobbe med både før og etter de har sett framsyninga. Desse er i hovudsak relatert til denne iscenesetjinga av Peer Gynt.

- Les gjerne artiklane i dette studiemateriellet i forkant.
- Til utdrag frå manus kan de fordele rollene og lese høgt i klassen. Snakk gjerne om kva dei ulike replikkane kan bety, og stopp gjerne om det er ord som er vanskelege å forstå.
- På NRK Skole og nettsida www.ibsen.uio.no er det også mykje materiell, tekstar og videoar om Peer Gynt og Henrik Ibsen.

Fag: Norsk, samfunnsfag
og KRLE

Tips: Les gjerne tekstane og utdrag frå manus.
Snakk om bruk av metafor i tekstar.



Bilde: Ein lauk med mange lag.

OM TEMATIKK

Ein gjennomgåande tematikk i Peer Gynt er spørsmålet kva det vil seie å vere seg sjølv. Les utdrag 1 frå manus. «Du er ingen keisar, du er ein lauk. Nå vil eg skrelle deg, min kjære Peer», seier Peer Gynt til seg sjølv.

1. Kva symboliserer lauknen?
2. Kva tydar det at lauknen ikkje har ein kjerne?

Å skrelle ein lauk er å ta av lag etter lag. I overført tyding kan det vere eit bilde på Peer som eit menneske med ulike lag, utan kjerne, og at desse laga utgjer heilheita.

1. Om ein tenker at ein lauk er eit språkleg bilde på Peer: Er det i så fall eit positivt eller negativt bilde?
2. Er det eit bilde som kan brukast om alle menneske, eller tenkjer du at menneske har eller bør ha ein kjerne? Viss «ja», kva kan utgjere denne kjernen?

Lauken er her ein metafor Ibsen bruker. Med ein metafor får du gjerne sagt mykje med få ord.

Skriveoppgåve: Vel deg ein frukt eller grønsak og bruk denne som ein metafor for ein eg-person. Skriv ein kort tekst, ei halv A4-side, der bruken av denne metaforen er sentral. Start historia med «I dag er eg ... (frukt/grønnsak)».

Tips: I nettspelaren til NRK ligg serien *Sannheten om Peer Gynt*. Denne er laga av journalist Ninja Benneche, og er fin å sjå i arbeidet med Peer Gynt.



Når Peer er i Dovregubbens hall, møter han trolla sitt ordspråk: «Troll, ver deg sjølv - nok». Medan menneske, ifølgje Dovregubben, har ordspråket «Vær deg sjølv.» Eit «nok» er skilnaden på desse to ordspråka. Les utdrag 2 frå manus.

1. Kva tydar dette «nok»-et i denne samanhengen?
2. Skal ein vere seg sjølv i alle samanhengar, eller er det greitt å tilpasse seg omstende?
3. Er du den same når du er med vennene dine som når du er med foreldra dine? Diskuter i plenum.

Framtidas politikarar må vere seg sjølv 110 %, skriv Høgrepolitikar Torbjørn Røe Isaksen i ein kronikk i Morgenbladet:



Bilde: Høgrepolitikar Torbjørn Røe Isaksen har skrive kronikk om autentisitet og ekteheit. Les heile kronikken her: <https://morgenbladet.no/pafyll/2018/03/fremtidens-politikere-ma-va-ere-seg-selv-110-prosent-skriver-tor-bjorn-roe-isaksen>

«En ost som er ystet for hånd av melk fra fire frittgående geiter som beiter ute hele sommeren, laget av en ostemaker som selv er en gammel småbruker som har arvet oppskriften fra sin tipp-tipp-tippoldemor - det er oppskriften på trendy suksess! Autentisitet - ekthet - er noe av det viktigste man kan ha for å være moderne i dag. For å virkelig holde det ekte, som hiphopen sier, holder det ikke med en oppkonstruert autentisitet, en PR-gimmick av en bakgrunnshistorie. Nei, det må være mest mulig ekte vare.»

1. Kva vil det seie å vere autentisk?
2. Kan ein fake autentisitet?
3. Kva vil det seie å vere seg sjølv 110 %?
4. Kan du komme med døme på ein offentlege person i Noreg du meiner står fram som autentisk?
5. Kan du finne døme på offentlege personar du meiner ikkje står fram som autentiske?
6. Drøft skilnaden på «ekte» og «uekte» personar, sånn som du opplever det.

Knappestøyparen skal hente Peer for å smelte han om, og møtet mellom dei to går som ein raud tråd gjennom framsyninga. Les utdrag 1 frå manus, møtet mellom Peer og Knappestøyparen.

1. Kva er det Knappestøyparen skal med Peer?
2. Korleis reagerer Peer på det Knappestøyparen seier?
3. Kven ser de for dykk at Knappestøyparen er?
4. Kva tyder det at Peer skal smeltast om?

FAG: Norsk

TIPS: Bruk også lærebøker eller internett ved behov.

ETTER DE HAR SETT FRAMSYNINGA

Regissør Erik Ulfsby seier at det spesielt er fire replikkar som er utgangspunktet for denne versjonen av Peer Gynt. Det er denne replikkvekslinga mellom Peer og Knappestøyparen:

PEER GYNT

Men den som nå aldri å vite fekk
kva Meister har meint med han?

KNAPPESTØYPAREN

Det skal han aне.

PEER GYNT

Men kor ofte slår ikkje aningar sprekk
og så går ein ad undas midt på sin bane.

KNAPPESTØYPAREN

Til visse, Peer Gynt, i aningas mangel
har fyren med hoven sin beste angel.

1. Les og diskuter kva desse replikkane kan bety. Slå opp ord de eventuelt

- ikkje forstår.
2. Kven trur de «Meister» og «fyren med hoven» kan vere?
 3. Korleis passar desse replikkane med framsyninga som heilskap?
 4. Diskuter i plenum: Trur de at det finst ein «meister» som har ei mening med deg?

Scenografien er ved Arne Nøst og kostymedesignet er ved Ingrid Nylander. Regissør Erik Ulfsby seier i intervjuet «Ved vefs ende» at det er eit symbolisk landskap publikum møter i denne oppsetjinga. Snakk om dei ulike elementa på scenen (t.d. fotspora på scenegolvet, brua som delar og opnar seg, elva, dei kvite kostyma, projiseringane osv.) i plenum.

1. Kva betyr det at det er eit «symbolisk landskap» på scenen?
2. Kva tolkar de dei ulike symbola som?
3. Korleis bygger desse elementa opp rundt historia om Peer Gynt?

Peer Gynt er spelt over 10 000 gonger sidan urpremieren i 1876 og er eitt av dei mest kjende skodespela i verda. Historikar Alfred Fidjestøl skriv i artikkelen «Jakta på Peer» at Peer Gynt er ikkje berre ein karakter og eit teaterstykke, det er også ein teatertradisjon.

1. Kva betyr det at Peer Gynt er ein «teatertradisjon»?
2. Har nokon i klassen sett ein versjon av Peer Gynt tidlegare? Korleis var i så fall den versjonen samanlikna med framsyninga de har sett på Det Norske Teatret?
3. Eit skodespel som blir ofte spelt kallar ein gjerne for «ein klassikar». Kan du komme på andre eksempel på skodespel som kan kallast for «klassikarar»?

FAG: Norsk og drama/
teater-fag

DRAMAØVING: Kven fortel sanninga?

Peer Gynt fortel historier så levande at folk trur at det er sant. Eit døme på det er «Bukkerittet» (sjå utdrag frå manus). Desse historiene er ikkje alltid hans eigne, men historier han har høyrt. Å fortelje ei historie på ein overtydande og truverdig måte, er ein kunst. Klarer publikum å skilje mellom ei sann og ei usann historie?

1. Del elevane i grupper på 3-4 stk.
2. Gi kvar gruppe eit tema for ei historie. T.d. «Ein fantastisk bursdag eg har hatt.» eller «Min merkelegaste skoledag».
3. Elevane i gruppa skal så fortelje kvarandre historiene sine. (lengde på historiene ca. 1-3 minutt).
4. Så skal kvar gruppe velje ut ei av historiene dei har høyrt.
5. Alle i gruppa skal så fortelje den same historia til resten av klassen.
6. Klassen skal prøve å avgjere kven i gruppa som fortel sanninga.

Tema: Fokus, innleving, forteljing.

DRAMAØVING: Byte namn

Å finne seg sjølv – og å miste seg sjølv. Denne øvinga verker lett, men er vanskelegare enn ein skulle tru. Her må alle ha øyra opne og lytte til

kvarandre. Korleis er det å presentere seg sjølv med eit anna namn? Korleis er det å møte nokon som presenterer seg med ditt namn? Kor mykje av identiteten din ligg i namnet? Prøv denne øvinga, og sjå!

1. Alle skal gå rundt og handhelse på kvarandre. Du helsar ved å ta ein annan person i handa og seie namnet ditt.
 2. Alle «får» eit namn frå den ein helsar på, og det er dette nye namnet du skal bruke neste gong du helsar. Du bruker altså eit nytt namn kvar gong du helsar.
 3. Når du «får» ditt eige namn tilbake, er du ferdig og går ut av gruppa.
 - 4.
- Eksempel: Siri og Hanne helsar på kverandre. Siri helsar ved å seie «Siri», og Hanne seier «Hanne». Dei har no fått kvarandre sitt namn. Neste gong Siri helsar på nokon, seier ho «Hanne», og Hanne seier «Siri».

FAG: Norsk og drama/
teater-fag

TIPS: Les gjerne kva
riksavisene skriv i sine
kritikkar for å sjå døme på
korleis ein teaterkritikk
kan sjå ut.

SKRIV TEATERKRITIKK

Ein teaterkritikk skal både beskrive handling og tema i framsyninga og diskutere korleis dette er løyst på scenen. Til slutt er det ein konklusjon som vurderer om handling og tema er behandla på ein god måte, som enkeltelement og i heilskapen.

Var det ei god framsyning? Kvifor – kvifor ikkje? Viss ein kritikk skal vere interessant for andre å lese, er det viktig å ikkje berre skrive «god» eller «dårleg», men prøve å forklare for lesaren kva som var bra eller dårlig. Fleire teaterkritikkarar i avisene nyttar i dag terningkast. Det er ein visuell og effektiv måte for å vise fram den heiskelege vurderinga. Men eit terningkast må stå saman med ein tekst som grunngjev korleis du landa på dette terningkastet.

Dei verkeleg gode teaterkritikkane er meir enn ei rein kvalitetsvurdering av framsyninga. Dei klarar kanskje å løfte diskusjonen om framsyninga inn i ein aktuell samfunnsdebatt og plassere teaterhendinga i ein større samanheng. Teater er augneblikkskunst, og på denne måten kan ein vise korleis framsyninga kan opplevast her og no.

DEL : Beskriving

Kva handlar stykket om? (skriv eit kort resymé)

Kva for tema vil du seie er viktige i denne framsyninga?

Veit du noko om forfattaren, iscenesetjinga eller teksten som kan vere relevant å ta med?

Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.

DEL 2: Diskusjon

Vurder dei ulike komponentane på scenen. Her treng ein ikkje å ta med alt, men det ein synest er vesentleg å diskutere. T.d. har nokre framsyningar ein scenografi som utmerkar seg positivt eller negativt. Spelemåte og manus kan vere andre vesentlege element å diskutere. Dette må du vurdere frå gong til gong. Kvart element kan vurderast i seg sjølv og i heilskapen.

Element som kan vere relevante: tekst/manus, dramaturgi, skodespelarar, spele stil, regi, scenografi, lys, lyd, video, publikum.

Diskuter korleis desse komponentane prega opplevinga, bodskapen og deg som publikummar.

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering. Kva tykkjer du om framsyninga under eitt? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Er dette ei relevant framsyning å vise i vår tid? Går framsyninga inn i ein aktuell samfunnsdebatt? Kven passar ho for?

Til sist kan du trille eit terningkast, om du vil.

UTDRAG



UTDRAG 1 FRÅ MANUS

PEER GYNT - første scene

PEER GYNT

Når eg ein gong skal dø, som saktens vil skje,
så kryp eg under eit vindfelt tre,
som bamsen ein lauvhaug eg over meg kavar
og rispar i borken med store bokstavar:
Her kviler Peer Gynt, den skikkelege fyr,
keisar over alle dei andre dyr.
Keisar?

(Ler innvendig.)

Du gamle spåmanns-gauk!
Du er ingen keisar, du er ein lauk!
Nå vil eg skrelle deg, kjære min Peer!
Det hjelper ikkje om du tutar eller ber!
Der ligg det ytre, forrivne lag,
det er havsnødsmannen på jollas vrak.
Dette grovskinnet her med ein flik så hard
Er den unge forførar på Hægstad gard
Det innanfor liknar ei krone; - ja takk!
Det kastar vi bort utan vidare snakk
Her er oldtidsgranskaren, kort, men kraftig.
Og her er trollprinsen, fersk og saftig
Dette sveipet som rullar seg blautaktig saman
er herren som lever i fryd og gaman.
Innanfor her har vi diktaren, Peer
krafta er borte, det er slikt som skjer.

Det var ei ustyrteleg mengde lag!
Kjem ikkje kjernen snart for ein dag?

Neiggu om han gjer! Til det inste indre
er alt saman lag, berre mindre og mindre.
Naturen er vittig!
Fanden måtte gruble!
Går ein i tankar, kan ein enkelt snuble.

MØTE 1

KNAPPESTØYPAREN
Godt møte, gubbe!

PEER GYNT
God kveld, min venn!

KNAPPESTØYPAREN

Karen har hastverk. Kvar skal han hen?

PEER GYNT

Til gravøl.

KNAPPESTØYPAREN

Ja så? Litt skralt eg ser,
unnskyld, du heiter vel ikkje Peer?

PEER GYNT

Peer Gynt, som ein seier.

KNAPPESTØYPAREN

Det kallar eg hell!
Det er nettopp Peer Gynt eg skal hente i kveld.

PEER GYNT

Skal du det? Kva vil du?

KNAPPESTØYPAREN

Det kan du vel sjå,
eg er knappestøypar. Du skal i skeia mi nå.

PEER GYNT

Kva skal eg i den?

KNAPPESTØYPAREN

Du skal smeltast om.

PEER GYNT

Smeltast?

KNAPPESTØYPAREN

Støypeskeia er skura og tom.
Di grav er graven, di kiste bestilt.
I skrotten skal ormane leve gildt,
men eg har ordre til, for eigen del,
på Meisters vegne å hente di sjel.

PEER GYNT

Umuleg! Slik heilt utan varsel -

KNAPPESTØYPAREN

Det er gammal vedtekta ved gravøl og barsel

å velje i stille dagen for festen
utan å varsle heidersgjesten.

PEER GYNT

Rett nok. Det går rundt for meg. Du er -

KNAPPESTØYPAREN

Det hørde du – knappestøyparen er her –

MØTE 2

(Held fram på bruua.)

PEER GYNT

Knappestøypar?
Forstår! Kjært barn har mange namn.
Ja så da, Peer, det er der du skal i hamn!
Men dette, godkar, er uredeleg ferd!
Eg veit eg er mildare medfart verd,
eg er ikkje så ille som De kanskje vil meine,
har gjort mykje godt, det er på det reine,
i verste fall kan eg kallast ein dåre,
noko særleg til syndar har eg aldri vore.

KNAPPESTØYPAREN

Nei, det er jo nettopp knuten, mann,
du er ingen syndar i høgare forstand
og derfor slepp du pinsle-greia
og kjem som andre i støypeskeia.

PEER GYNT

Kall det kva du vil, skei eller pøl,
Bayer og pils er både to øl.

UTDRAG



UTDRAG 2 FRÅ MANUS

ROLLER: Peer Gynt og Dovregubben
Niande minne: i Dovregubbens hall.

DOVREGUBBEN
Altså er det dotter mi du vil ha?

PEER GYNT
Dotter di og riket i medgift, ja.

DOVREGUBBEN
Det halve får du medan eg lever
og det andre halve når eg eingong fell frå.

PEER GYNT
Det får vere bra nok, så.

DOVREGUBBEN
Så må du love at du aldri ensjer
kva som er utanfor Rondanes grenser,
dag skal du sky og dåd og kvar lysande plett.

PEER GYNT
Blir eg kalla konge, så fell det lett.

DOVREGUBBEN
Og så vil eg prøve klokskapen din.
Kva er skilnaden mellom troll og mann?

PEER GYNT
Det er ingen skilnad, så vidt eg kan sjå.

DOVREGUBBEN
Sant nok, vi er eins i meir enn eitt.
Men morgen er morgen og kveld er kveld,
så skilnad blir det nå likevel –
Nå skal du høre kva det er for noko:
der ute, i menneskas pøl,
heiter det mellom menn: «Mann, ver deg sjølv!»
Her inne hos oss, mellom trollas flokk,
heiter det: «Troll, ver deg sjølv – nok!»
Øygnar du djupna?

PEER GYNT
Alt er i tåke.

DOVREGUBBEN

«Nok», min son, det kløyvande, sterke
ord må stå i ditt våpenmerke.

PEER GYNT
(riv seg bak øyret.)
Nei, men –

DOVREGUBBEN
Det må skal du her bli herre!

PEER GYNT
Ja, skit la gå, det er jo ikkje verre –
Hå, vil de til enda meire meg tvinge!
Krev de også mi kristentru?

DOVREGUBBEN
Nei, den kan du berre halde på, du.
Trua går fritt, den legg vi ikkje toll på,
det er skorpa og snittet ein skal kjenne eit troll på.
Berre vi er eins i fakter og kledsle
kan du gjerne kalle tru, det vi kallar redsle.

PEER GYNT
Du er, trass dei mange vilkår,
meir rimeleg kar enn ein kunne frykte.

DOVREGUBBEN
Min son, vi troll er betre enn vårt rykte,
det er òg ein skilnad mellom dykk og oss –
Men nå er alvoret over, det seier seg sjølv,
nå vil vi auge og øyre fryde –
Spelejente, fram! La Dovreharpa lyde!
Dansejente, fram! Trø Dovrehallens fjøl!

(Spel og dans. Den Grønkledde forvandlas)

DOVREGUBBEN
Snakk utan frykt.
Kva ser du?

PEER GYNT
Noko ustyggeleg stygt.

DOVREGUBBEN
Det er underleg med denne menneskeart –

den heng jo i så merkverdig lenge.
Ja ja, min son, da må du på kur
mot denne hersens menneskenatur.

PEER GYNT
Kva vil du gjere?

DOVREGUBBEN
Eg rispar deg litt
i det venstre auget, så ser du skrått,
men alt du ser synest gjævt og flott.
Så skjer eg den høgre ruta ut –

PEER GYNT
Er du full?

DOVREGUBBEN
(legg nokre skarpe reiskapar på bordet.)
Her ser du glasmeistertøyet mitt.
Spjeld skal du få som ein rautande stut.
Da vil du sjå ho er deilig, brura –

Tenk etter kor mykje sorg og sut
du kan fri deg for, år inn og år ut.
Hugs nå på at synet gir minne
som festar seg så sorgtungt i sinnet.

PEER GYNT
Høyr! Sei meg, når blir da synet igjen
til menneskesyn?

DOVREGUBBEN
Aldri, min venn.

PEER GYNT
Nå, så! Ja, så seier eg takk for meg.

DOVREGUBBEN
Kva vil du utanfor?

PEER GYNT
Gå min veg.

DOVREGUBBEN
Nei, stopp! Det er lettvint å sleppe her inn,

men ut att går ikkje Dovregubbens grind.
Du dagkvite unge! Veit du kven eg er?
Først så kjem du mi dotter for nær-
Du må henne ekte.

PEER GYNT
Kan du seie meg på at -

DOVREGUBBEN
Kva? Kan du nekte
ho var i di lyst og i ditt begjær?

PEER GYNT
(blæs.)
Ikkje anna? Kven fanden henger seg vel opp i
slikt?

DOVREGUBBEN
Mennesket er seg da alltid likt.
Ånda vitnar de om med kjevane,
likevel aktar de berre det som kan fakkast med
nevane.

DEN GRØNKLEDDE
Min Peer, du er far før året er omme.

PEER GYNT
Lat opp, eg skal ut!

UTDRAG



UTDRAG 3 FRÅ MANUS

ROLLER: Mor Åse og Peer Gynt. Minne 6 -
bukkerittet

ÅSE

Peer, nå lyg du!

PEER GYNT

Nei, eg gjer ei!

ÅSE

Men så bann på det er sant!

PEER GYNT

Kvifor banne?

ÅSE

Tvi, du tør ei!

Alt i hop er tøv og tant!

PEER GYNT

Det er sant kvart evig ord!

ÅSE

Og du skjemmest ei for di mor!
Nå, kvar trefte du den bukken?

PEER GYNT

Vest ved Gjendin.

ÅSE

(ler spotsk.)
Riktig, ja!

PEER GYNT

Eg heldt pusten, låg og lytta,
Gøynt i røysa opp eg glytta -
for ein bukk, så blank og feit,
såg du aldri, det eg veit.

ÅSE

Nei bevares vel!

PEER GYNT

Det small!
Bukken stupte bums i bakken.
Men i same stund han fall
sat eg skrevs på bukkeryggen,

greip han i det venstre øyret,
skulle til å kniven køyre
bakom skolten inn i nakken,
hei! da skreik han vilt den styggen,
sto med eitt på alle fire,
slo meg med eit akterkast
ut av neven kniv og slire,
skrudde meg om lenda fast,
pressa horna imot leggen,
klemte meg som i ei tang,

dermed sette han på sprang
beint framover Gjendin-eggen!

ÅSE

Jesu namn da -

PEER GYNT

Langsmed eggen han og eg
skar oss gjennomvêret veg.
Aldri rei eg slik ein hest!
Midt imot der vi for fram
gneistra sola som til fest!
Brune ørneryggjar sklei
i det vide svimle gapet
midtvegs mellom oss og vatna
nede, og til fnugg dei blei.
Isflak brast og braut mot strender,
dønnnet let seg ikkje høyre,
berre kvervlens vette slengte
seg i dans, dei song, blei slengte
rundt i ring for syn og øyre.
Brått ein stad,
på eit rådlaust bråbratt sva,
for det opp ein rypestegg,
kloss framføre bukkens legg -
flaksa, kakla, skremt i veg
frå knatten der han gøynte seg.

Bukken snudde halvt omkring,
sette med ein himmelsk sving
ut i djupet med oss begge to!
Bak oss svarte berget sto,
under oss eit avgrunnssluk!
Ned for toget, ned og ned -

midt der nede glitra det
kvitt som av ein reinsdyrsbuk -
Mor, det var vårt eige bilde -
der igjennom fjellsjøstille
opp mot vatnets skorpe kom det pilande
med den same ville fart som vi for ilande.

ÅSE

Peer! Gud fri meg! Sei det snart!

PEER GYNT

Bukk frå lufta, bukk frå botnen,
braut i saman for å slåss!
Skummet vilt omkring oss klaska.

ÅSE

Ja?!

PEER GYNT

Ja -

ÅSE

Ja?!

PEER GYNT

Ja, der låg vi da og plaska -

ÅSE

Ikkje har du brote nakke?
Ikkje eingong begge lår?
Ikkje brote ryggen din?
Herren vil eg prise, takke -
takk for hjelp til guten min -
og at buksa hans er sund
skal eg ikkje seie noko på i slik ei stund,
når ein tenkjer på kva gale
som kunne hendt i slikt eit sprang -
Å, din fandens reglesmed,
kors og kors og pass di tunge!
Remsa som du nå kjem med
hugsar eg at eg har kjent
sidan eg var liten unge.
Det er ikkje deg som det har hendt med
Men ein annan
Å, Gud låg eg berre lik,

berre sov i svarte jorda!
Bøn og gråt bit ikkje på han -
Peer du skulle spart deg orda!

PEER GYNT

Kjære, vakre, vesle mor,
du har rett i kvart eit ord -
ver nå blid og glad -

ÅSE

Tei still!
Kan eg gledast når eg vil,
eg, som har slikt svin til son?
Kva er att i slekta vår
frå din farfars velmaktsår?
Sjå til gards! Kvart glas er ute.
Gamle klutar i kvar rute.
Velt ligg skigard, led og grind,
buskap står for vêr og vind,
eng og åker ligg der brakk,
kvar ein månad blir eg panta -

PEER GYNT

Tei så med ditt kjerringsnakk!
Ofte nok har lykka skranta
og med eitt så vann ho alt!

ÅSE

Der ho voks er strøydd med salt,
Å, du er jo sterk og stor,
skulle vore stav og støtte
for di gamle skrale mor -
tenk om du for garden sytte,
verja slumpen av din arv -
Å, Gud hjelpe meg for nytte
eg har hatt av deg, din skarv.

PEER GYNT

Vesle, stygge, snille mor,
du kan lite på mitt ord,
heile bygda skal deg ære,
berre vent til eg får gjort
noko, noko veldig stort!

ÅSE

Du!

PEER GYNT

Vent, eg skal bli konge!

PEER GYNT

Keisar!

ÅSE

Å, Gud trøyste meg, nå deisar
siste rest av vitet òg!

PEER GYNT

Jo, eg skal! Vent og sjå!

FOTO/ILLUTRASJON

Foto frå framsyninga: Stig Håvard Dirdal

Plakatfoto: Fredrik Arff

Øvrige foto: Arkivet på Det Norske Teatret/ Siren
Høyland Sæter

TA KONTAKT

Vi ønskjer heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål.
Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: skole@detnorsketeatret.no
eller ring 22473872.

